

Søknad om nye IKT-midler til etablering av IKT-basert lab i fagene TMR4240 og TMR4243 – Marine Reguleringsystemer I & II

Ved Institutt for marin teknikk (IMT) er det i handlingsplanen ein strategi om styrka bruk av laboratorier og IT i undervisninga. I oppfølging av dette blir faget TMR4243 Marine Reguleringsystemer II etablert fra våren 2015 med eit vesentleg innhald av laboratorieøvingar i undervisninga.

I den forbindelse har vi frå sommar 2014 og fram til i dag brukt tid og ressursar på å etablere, kvalitetsikre, og robustifisere relevant utstyr i våre «Marine Hardware-In-the-Loop Simulation Lab» ([HIL-Lab](#)) og «Marine Cybernetics-Lab» ([MC-Lab](#)) for effektiv bruk inn mot undervisningsbaserte labøvingar. For dette arbeidet fekk vi kr. 150 000 i IKTiSU midlar i 2014. Desse har blitt brukt til å ansette 3 stud.ass. stillinger høsten 2014 og våren 2015. Vidare har vi hatt ein vit.ass. ressurs som har fulgt desse opp. Han har jobba vesentlig meir enn vanlig vit.ass. teneste for å få dette til. Sjå vedlagte presentasjon, med referanse til møtet med Jon Andreas Støvneng 03.06.2015, for status og ressursbruk i arbeidet sålangt.

IMT har innvilga to nye sommarjobbar for å gjennomføre vidare arbeid med å etablere MC-Lab til ein undervisningslab. Men for å få gjennomført det vidare arbeid og komme i mål med bl.a. det planlagte «Web-laboratorium», samt fleire plattformer for lab-øvinger, så treng vi midlar til å tilsette studentressursar også skuleåret 2015-2016. Dette inkluderer utarbeiding av tekniske oppsett, lab-manualer, og IKT-basert øvingsopplegg i undervisnings

Frå IMT si side, har det blitt investert:

- Ein sommarjobb i 2014 og to sommarjobbar i 2015.
- Kr. 134 200,- til innkjøp av utstyr.
- Eit PhD årsverk for vit.ass. arbeid i faget frå vår 2015 til vår 2017.
- Overingeniør for støtte til studentane i MC-Lab.

Basert på denne eigeninnsatsen og rapport om arbeidet 2014-2015, søker vi om nye kr. 150 000,- til å tilsette nødvendige stud.ass. og vit.ass. ressursar hausten-vinteren 2015-2016 for å vidareutvikle web-basert laboppsett, labøvingar, og øvingsmateriell for faget.

Prof. Roger Skjetne
Fagleg ansvarleg